

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 1 2023-2024 Årgang 50

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL
VERA TRYGGE, UTVIKLA SEG POSITIVT OG

NYTT SKULEÅR

Velkommen tilbake til skulen både elevar og føresette. Me er alt godt i gong med nytt skuleår. Det er god stemning og kjekke dagar. Me vil ønske ekstra velkommen til Bartosz som har flytta frå Skjold til Vikebygd og er starta i 7. klasse. Mellomtrinnet var veldig godt nøgde med å få ein ny kjekk gut i klassen. Me vil og ønska velkommen til dei flotte 1. klassingane Maria, Jens og Hanne.


TURDAG

Det blir turdag i løpet av september og me håpar det kan bli i starten av månaden. For å vere så sikker som mogleg på bra vêr, sender me ut info om dato i same veke som turen blir.

Turane i haust er slik:

1.- 4. klasse går: Skulen – Alna – Alnaåsen – Døvika - Skulen

5.- 7. klasse går: Skulen – Glommeskar – Trollanibba - Bygdahuset - Skulen.



SYMJING, SKULERUTE OG LEVERING AV ELEVAR

- Dette skuleåret blir symjeundervisinga etter jul. Me har ikkje fått datoar ennå. Symjinga blir i bassenget på Ølen skule.
- Skulerute for 2023-2024 og 2024-2025 ligg på kommunen si heimeside <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/grunnskule/skulerute/>
- Dei som kjører elevar til skulen skal sette dei av nede ved sykkelskuret. Dei som leverer barn i barnehagen kjører inn oppe. Det blir for mange bilar og farlege situasjonar i dette området dersom skuleelevane også blir kjørt inn her.

TREFFTID FOR HELSESJUKEPLEIAR

Stine Hamre er helsesjukepleiar på Vik skule. Det blir trefftid/ samtaletid **tysdagar i partalsveker kl. 08.15 – 10.30**. Både elevar og føresette kan nytte denne tida. Elevane kan komme innom om dei har spørsmål om noko t.d. trivsel på skulen eller heime, mat, drikke, fysisk aktivitet, venner, pubertet, vekst, menssmerter, mobbing, søvn, uro for noko/nokon, sjukdom, masse tankar, osv. Helsesjukepleiar har taushetsplikt, men må ta kontakt med andre om det er fare for liv og helse. Elevane treng ikkje å ha avtalt tid for time, men det er greitt om føresette avtalar tid på førehand.

Tlf. : 48265898 Mail: Stine.Hamre@vindafjord.kommune.no



SFO

I år er det 12 barn som har fast plass på SFO. Berit R. Skartland er SFO-koordinator. SFO er open frå skulen sluttar til kl. 16.30 alle dagar og har morgontilbod i barnehagen frå kl. 06.45 til skulestart. SFO følgjer skuleruta og er stengt på planleggingsdagar. Ta kontakt med Berit på tlf. 53655732 / 90515628 om det er noko du lurar på.

Min skole - foresatt, Visma Flyt Skole og samtykke

- Me minner om at digital meldingsbok erstattar papirmeldebok, SMS og annan skriftleg kommunikasjon mellom skule og heim. For å bruke denne lastar ein ned appen som heiter «Min Skole – foresatt» i App Store eller i Google play. Ein kan og logge seg inn på «Min skole» på Visma Flyt Skole, <https://skole.visma.com/vindafjord> og skrive meldingar her. Dette er same plassen som ein les halvårsvurderingar og føl med på fråværet til elevane.
- Me ønskjer også at alle fyller ut samtykkeskjema (under fana samtykke/skjema) som ligg på Visma Flyt Skole. Ein må fylle ut eit skjema for kvart barn.
- Det er nå slik at føresette skal sende melding om fråvær på 1. fråværsdag. Ein skal då melde frå om årsak til fråværet.
- Når ein skal søke om fri inntil 2 dagar gjer ein dette til kontaktlærer i «Min skole». Kontaktlærer gir då svar. Ved søknad om fri for meir enn to dagar skal ein gjere dette på heimesida til kommunen, <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/grunnskule/soka-fri-og-permisjon/>



KLASSEKONTAKTAR OG FAU

Dette er FAU for skuleåret 2023- 2024:


Alle føresette er med i foreldrerådet og klassekontaktane er med i FAU som er foreldrerådet sitt arbeidsutval.

Namn:	Klasse:
Mona Hegerland	1.kl.
Beate H. Bjørnevik Skrivar	2.kl.
Håvard Tveit Medl. i SU	3.kl.
Martyna Storonowicz	4.kl.
Lina Fisk Eide	5.kl.
Roger Bauge	6.kl.
Cathrine H. Tindeland Leiar Medl. i SU	7.kl.

MAILADRESSER TIL TILSETTE

Namn	Epost adresse
Fredriksen, Torunn V	torunn.v.fredriksen@vindafjord.kommune.no
Kolltveit Bergfrid	bergfrid.kolltveit@vindafjord.kommune.no
Nesheim, Anne Brith J	anne.brith.johannessen.nesheim@vindafjord.kommune.no
Skartland R Berit Ryvik	berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no
Sælemyr Sandra Marie B.	Sandra.Marie.B.Saelemyr@vindafjord.kommune.no
Tveit Anne Marte Waage	anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no
Tveit Veronika	veronika.tveit@vindafjord.kommune.no

KUNST FRÅ VIK SKULE



Kalender for hausthalvåret 2023

28.08.-08.09.	Alle klassar jobbar med nettvett veke 35 og 36
	Fjelltur i løpet av september
31.08.	Foreldremøte 1.- 2. klasse
06.09.	Foreldremøte 5.- 7-klasse
07.09.	Foreldremøte 3.- 4. klasse
04.09.-29.09.	Nasjonale prøvar for 5. klasse
11.09.	DKS: «Tres Musicos» for 5.-7. trinn
12.09.	Vaksinering for 6. og 7. klasse
14.09.	3. og 4. kl. på museum i Vikedal
21.09	Dansehalvdag.
22.09.	BliMe-dagen. Fellesdans ute kl.11.55 -12.05
25.09.	Elevfri. Planleggingsdag for tilsette.
26.09. -30.09.	Utviklingssamtalar for alle elevane i veke 39
28.09.	Utviklingssamtalar. Fellesdag for søsken.
02.10.- 27.10.	Obligatoriske kartleggingsprøvar 3.kl. veke 40 - 43
04.10	Møte i SU kl. 18.00
07.10.	Fellessamling. Ansvar 7. klasse.
09.10.-13.10.	Haustferie veke 41
25.10.	Fellessamling i MUNA. 7. klasse ansvar
10.11.	Elevfri. Planleggingsdag for tilsette.
24.11.	Fellessamling. Ansvar 3.-4.klasse
01.12	Me tenner julegrana kl. 09.00
07.12.	Juleverkstad og julegraut
19.12.	Julefest på bygdauset
22.12.	Siste skuledag før juleferien. Julegudsteneste
23.12.22-01.01.23	Juleferie
02.01.2024	Første skuledag etter juleferien

Tlf. og e-post Vik oppvekstsenter

Anne Marte (einingsleiar)	53 65 57 30/ 92241257	Arbeidsrom (lærarar)	53 65 57 33
SFO (Berit)	53 65 57 35/ 90515628	Barnehage	91579322

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no
berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no